



Det vanka ein velsmakande premie for slagordvinnar Birger Myklebust og den som overrekker er naturleg nok brødansvarleg på SPAR Kari Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

”Det finnst ikkje maken, Uskedalsbrødet, du kjenner det på smaken”.

Dette var eitt av fire forslag som Birger Myklebust på Neset i Uskedalen kom med som slagord for brødet som er baka av Jan Eik og vert seld på SPAR. Med det vart han vinnar i slagord-dysten.

Uskedalsbrødet er så langt ein fulltreffar – førebels er det seld 461 brød!

- Brødet har seld utruleg bra, det har gått unna så mange brød at ein nesten ikkje kan tru det, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no. Salsstatistikken hennar fortel at det gjennomsnittlege, daglege salet frå introduksjonen 8. januar og til og med 21. januar har lege mellom 40 og 50. Dei brød som ellers sel best på SPAR ligg til samanlikning på mellom 10 og 15 eksemplar om dagen.

- Nesten like utruleg er det at salet framleis held seg på eit så høgt nivå, seier Bente og fortel at kjøparane også kjem frå andre bygder enn Uskedalen, ja nærmast frå heile Kvinnherad. Folk frå til dømes Husnes og Rosendal kjem eins ærend for å kjøpa Uskedalsbrød og då sikrar dei seg gjerne fleire.

Men attende til den uformelle konkurransen som bakaren utlyste:

Ein god nummer to vart Reidun Alsaker Rød med dette forslaget:
”Uskedalsbrødet for alle og einkvar, kjøp det hos damene på SPAR”

Ein god nummer tre vart Arne Terje Haugland med dette forslaget:
”Uskedalen har brødet som smaker både for ganen og magen, du får det på landets beste SPAR-butikk nede på Sanen”.

Dette er nokre av dei andre forslaga som kom inn:

- ” Det beste brødet for ganen, Uskedalsbrødet, du kjenner det på smaken”
- ” Det beste brødet butikken har, Uskedalsbrødet kan du kjøpa på SPAR”
- ” Spar deg for baking og kav, kjøp Uskedalsbrødet på Sanen SPAR”
- ” Du får Uskedalsstompen på Sanen frå Sundemanen”

Neste fase i marknadsføringa blir å få til ein lokkande brødpose for brødet. På den må det i tillegg til det vinnande slagordet vera eit Uskedalsmotiv, held bakaren fram.

Bente utfordrar alle til å hjelpa til med det. Ho ber om at det vert sendt inn ein teikning eller ei skisse.

- Det tek nokre veker å produsera poser så her treng vi hjelp, seier Bente.

Av Ola Matti Mathisen



Bakar Jan Eik kjem med ein ny utfordring: Lag ei skisse med Uskedalsmotiv! (Foto: Ola Matti Mathisen)